

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.12.2014

**Stein Inge Ryssdal** sette på vegne av H, A, KRF, SP forslag til nytt pkt 4c

c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken hovedsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.

**Torill Selsvold Nyborg** sette fram forslag til endra pkt 4d og til pkt 6.

4d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs inntening i bompengesnitta.

6) Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen, pådrivarselskapet og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

### Røysting

Fylkerådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-4b og 5 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endra innstilling pkt 4c vart vedtek mot 2 røyster (FRP).

Torill Selsvold Nyborg sitt forslag til endra innstilling pkt 4d vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 vart vedteke mot 3 røyster (FRP, KRF).

Torill Selsvold Nyborg sitt forslag til endra innstilling pkt 6 fekk 1 røyst og fall.

### Innstilling

1. Fylkestinget ser at det er naudsnyt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nybortunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nybortunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmastes i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løysing for Nybortunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsnyte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
  - vurdere om det er mogleg å bygge og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinsanisering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.4.2014, med følgjande merknader og endringar:
  - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57.
  - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.

- c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken hovedsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken
- d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkreving i bompengesnitta.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill.kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.